



Ida Isabell Hartveit  
Markavegen 2I  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2127 - 23/18515

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
07.03.2023

## Svar på klage på faktura - feilt grunnlag - gbnr 323/512 Snr 1

Viser til e-post frå deg 3. mars der du seier at du er fakturert for ein bustad over 90 m2 og at dette ikkje stemmer. Du opplyser at din bustad er 82 m2.

Me har funne fram byggeteikningar her og har kontrollert arealet som er registrert i matrikkelen, og finn at dette er rett registrert.

BRA (bruksarealet) er alt areal innanfor omsluttande ytterveggar, inkludert innerveggar, trapper, piper, sjakter mm. Boder tilhøyrande bueininga skal også teljast med i bruksarealet for bueininga (også om dei ligg ein annan plass i bygget).

Kommunen har bestemt å bruka BRA (bruksarealet) i matrikkelen som grunnlag for kommunale avgifter. Registreringsreglar for BRA til ei brukseining seier at også utvendige/eksterne bodar som høyrer til ein bustad, skal vera inkludert i BRA. Dette er årsaka til at det er registrert BRA på 91 m2 for din bustad. BRA for sjølve leiligheita er 82,5 m2 og så kjem boda på 8,4 m2 i tillegg. Dette vert 90,9 m2 – som er runda av til 91 m2 i matrikkelen.

At du tidlegare har betalt for mindre enn 90 m2, er nok pga at avdelinga som legg inn avgiftene har plassert ein del av desse bueiningane som låg nært arealgrensa til det rimeligaste alternativet, i påvente av at dei skulle gå igjennom og oppdatera ein del avtalar.

Usikkerheita for ein del av desse var ma spørsmålet om arealet i utebodar var inkludert i BRA i matrikkelen, eller om dette måtte leggst til arealet i matrikkelen. No har dei brukt opplysningane som låg i matrikkelen, og avgifta er difor rekna på grunnlag av arealet i matrikkelen, slik den skulle ha vore heile tida. Du har altså betalt for låg takst fram til no.

Under er tatt inn byggeteikninga frå seksjoneringssaka der areala er oppgitt under kvar seksjon. Sidan boden har felles vegg med leiligheita kunne også veggen mellom desse vore rekna som innevegg og vore med i grunnlaget for avgifter. Her er det halde utanfor.



Håpar dette var avklarande, sjølv om det nok ikkje var det svaret du håpa på.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ida Isabell Hartveit

Markavegen 21

5918 FREKHAUG